



Alver kommune
Plan og Analyse, Kristin Nåmdal
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/3396 - 20/15752

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
25.03.2020

Oversender søknad om dispensasjon til utførelse - gbnr 137/150 Alver

Tiltak: Dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 137/150
Tiltakshavar: Lars Torgeir Henanger
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen (KDP) og frå plan og bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø. Det er planlagt å rive eksisterande fritidsbustad og bod på eigedomen og å føre opp ny fritidsbustad samt etablering av ein mellombels anleggsveg i samband med utførelse av tiltaka.

Det er i søknad opplyst at areal som vert riven utgjør om lag 40-50 m². Det er vidare opplyst at planlagt fritidsbustad vil få eit bruksareal (BRA) på 120 m² og eit bygd areal (BYA) på 138 m² og at tiltaket vil vere i tråd med utnyttingsgrad gjeve for fritidseigedomar i KDP.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen er definert som LNF-føremål. Eigedomen er lista opp i vedlegg A til planen og er gjennom opplistinga avsett til LNF- med spreidd fritidsbusetnad, etter føresegna § 3.4.6 er det opna opp for at ein ved søknad kan gjennomføre mindre tiltak på bebygde eigedomar utan at det krev dispensasjon frå LNF-føremålet. I saka er det søkt om riving av eksisterande fritidsbustad og bod, samt oppføring av ny fritidsbustad, tiltaket krev at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet, tiltaket ligg i byggeforbodsona langs sjø og krev at det vert gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8.

Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet og pbl. § 1-8.

Eigedomen ligg og innanfor omsynssona for den indre farleia (KDP § 4.2.4 bokstav b).

Vurdering

Det er per no berre søkt om dispensasjon for tiltaka. Det er komnt merknad til nabovarsla tiltak og søkjar har kommentert merknaden. Merknaden gjeld blant anna pågåande planarbeid knytt til ny Alversund bru og avkøyrsløyve for eigedomen.

Saka vert no sendt på høyring til regionale og lokale myde for uttale. Vår handsaming i saka vil i stor grad avhenge av dykkar uttale.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Saksforhold
Søknad om løyve til tiltak - gbnr 137/150 Alver
Søknad om dispensasjon - GBNR 137/150 Alver
Tilbakemelding på innkommen merknad - gbnr 137/150 Alver
Merknad - Nabovarsel - Fritidsbustad - Gbnr 137/150 Alver
Søknad om tillatelse til tiltak ved GBNR 137/150 Alver
Opplysningar om tiltakets ytre rammer
Nabovarsel
Ansvarsrett
Tegninger
Tillatelse frå grunneigar
Oversiktskart KDP gbnr 137_150
Oversiktskart Orthofoto gbnr 137_150

Kopi til:

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Lars Torgeir Henanger	Våganeset 36 A	5106	ØVRE ERVIK
Siv Henanger	Våganeset 36 A	5106	ØVRE ERVIK

Mottakarar:

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN